Godt nytt

Inspirasjonshelg med Eivind Frøen

12.-14. januar

i lokala til Frelsesarmeen

Kampanjeavis

Program for helga

på side 3

Les om:

Side 1: Ein vanleg mann med eit uvanleg liv.

Side 3-4: Eli Minde som fortel om då Gud lækte faren hennar for kreft

Side 5-6: Kva NORMALITET er i desse #metoo-tider

Side 7-9: Christina Maj Carlsen som uventa møtte Gud.

Side 10-11: Jihadisten Mohammad og kona som erfarte Jesu omsorg og vart kristne

Side 12: Ein minnerik samtale

Utgivarar:

Kristkyrkja, Stord Bibelsenter, Frelsesarmeen, Den Frie Evangeliske Forsamling Ebenezer.

Ein vanleg mann med eit uvanleg liv

Eivind Frøen kom til personleg tru på Jesus ein gong på 1960-talet. Etter det har livet hans handla om å gjera Jesus kjent for menneske i mange land, og å trena opp kristne til å leva som sanne disiplar av Jesus. Han elskar Bibelen, er ein framifrå forkynnar og er ei sann oppkome når det gjeld å fortelja spennande historiar

Eivind Frøen reiser for det meste i Asia, og han har særleg fokus på Kina, Nord Korea og Irak.

Under Kulturrevolusjonen på 1960-talet bestemte den kinesiske partisjefen Mao Dse Dong at all kristendom i landet skulle utryddast. Men det motsette skjedde. Parallelt med alle forsøk på å «omskulera» dei kristne, braut det ut ei kristen oppvakning som verda aldri før har sett maken til, ei vekking som lever den dag i dag. Gud er ustoppeleg. I dag blir 30 000 nye menneske kristne i Kina kvar dag, og dei blir omvendt til ein kristendom med ein heilt annan kvalitet enn det me ser tilfelle er her i Vesten. Dei kristne i Kina er heilhjarta, og dei forstår at det å vera ein Kristi disippel, er å førebu seg på fengsling, tortur, tvangsarbeid og død. Men dei skuggar ikkje unna. Dei blir drivne av Guds ånd, og dei ser på sine medmenneske som juvelar dei berre MÅ vinna for Gud, han som er alles skapar og kjærlege Far.

Eivind Frøen fortel at kinesiske styresmakter i desse dagar intensiverer kampen mot dei mange nettverka av huskyrkjer som i landet. Mange truande blir arresterte og går gjennom beinharde forhøyr og kombinert med tortur. Den kristne vekkinga har i stor grad føregått i sentrale deler av det enorme riket. Men kristne kinesarar har ein sterk visjon om å bringa evangeliet om Jesus ut over heile Asia, og no satsar no på tynnare befolka områder i nordvest, i Xinijangprovinsen, der m.a. dei muslimske uhigurane bur.

Eivind Frøen fortel elles at organisasjonen han representerer har arbeidd målretta i ti år for å få biblar inn i Nord-Korea (NK). Dette skjer i den djupaste løyndom, og det er snakk om mange titusen einingar på ulike plattformer som er smugla inn i dette totalt avstengte landet, styrt av familiedynastiet Kim. Det kjem rapportar om at Guds ord når fram, og at fleire tusen har kome til tru på Jesus Kristus.

«Men mange ting er blitt betydeleg vanskelegare etter at Kim Jung Un kom til makta», seier Frøen. «Kinesiske styresmakter er redde for at regimet i NK skal bryta saman, og difor har dei intensivert vakthalda langs grensa i nordaust. Det gjer smuglinga av Guds ord langt meir problematisk.»

Frøen kan fortelja at kinesiske misjonærar også er å finna i Irak, og at han regelmessig besøker dei der. I ein landsby nord for krigsherja Mosul, driv kinesarane arbeid mellom Yasidiane, folket med «påfuglgud», som vart så medherja av ISIS i 2014-16. Desse menneska er svært traumatiserte. Mykje kristen omsorg og godleik må til for å kunna hjelpa dei. Men også her syner det seg at evangeliet om Jesus Kristus gjev nytt framtidshåp, fortel Frøen. Mange av dei tek imot Jesus i desse dagar. Gud vender det vonde som folk opplever til det beste dei kan oppleva.

Program for inspirasjonshelga med

EIVIND FRØEN

Fredag 12.januar

*Møte kl. 19.30

Laurdag 13. januar

*Seminar kl 11-14. To økter med forfriskningar mellom.
Barneopplegg.
*Møte kl 19.30

Søndag 14. januar

*Gudsteneste kl. 11. Nattverd.
Barnesamling.

På møtene blir det lovsong og kollekt

Eli Minde fortel om då Gud lækte faren for kreft

INTERVJUA AV PASTOR JENS THORESEN

Eli Minde

Nyleg avlidne Joachim Larsen (97) var far til Eli Minde og artisten Rune Larsen. For 18 år sidan fekk han vita at han hadde kreft i bukspyttkjertelen, ein livstrugande diagnose. Her fortel Eli Minde korleis Gud mirakuløst greip inn og la mange nye år til livet hans.

Eg møter Eli Minde i eit velstelt eldre og fint julepynta hus i Krokane på Stord, eit hus ho og mannen Kjell Bjørn kjøpte for nokre år attende, og eg spør henne om ho kan fortelja kva som hende den gongen då faren vart alvorleg sjuk og mirakuløst lækt, og det vil ho gjerne:

-Det starta vesle julafta 1999, me var på besøk hos mor og far, og det var tydeleg at far ikkje var frisk. Han hadde fått problem med magen, og heile den jula gjekk han og hangla. Tynnare var han også blitt.

-Første nyttårsdag var me saman for å kosa oss med nyttårskonsert og nyttårshopprennet på fjernsynet. Då, i dagslyset, la eg merke til at far var unormalt gul i huden. Eg snakka med Rune om dette, og me vart samde om å be far oppsøka lege, med det resultat at han straks vart innlagt på Haukeland sjukehus.

-Far har vore ein frisk og sterk mann heile livet, ein godt trent idrettsmann, og det kom vel med i alt det han no skulle gjennom.

-Undersøkingane på Haukeland avslørte at far hadde ein svulst på bukspyttkjertelen med ein diameter på 6,6 cm. Legane kunne ikkje ut frå bileta seia om det var kreft eller ein godarta svulst, men ut frå svaret på blodprøvane dei gjekk ut frå at det var kreft.

-Far var då 79 år gamal, så det vart jo eit spørsmål om han skulle opererast i det heile tatt, alderen teken i betraktning. Men ein fantastisk svensk lege med spisskompetanse på denne kreftforma, meinte at far hadde ein kropp som ein 60-åring, og at han difor burde opererast, noko som då vart bestemt. Men me fekk også vita at operasjonen var omfattande og alvorleg.

-Med ein gong Rune og eg forstod at far var alvorleg sjuk, sette me i gong ein landsomfattande bøneaksjon for han. Me

var så inderleg glad i faren vår, og kunne ikkje tenkja oss å mista han, og både eg og Rune har ei sterk tru på Jesus, og på at «det er makt i de foldede hender». Rune brukte internett, og eg sette meg til telefonen. Snart var truande menneske over alt med og bad for fars liv og helse.

-Mor bestemte seg for også å kontakta Svein Magne Pedersen, predikanten som driv «Misjonen Jesus leger», og Svein Magne bad for far både før og under heile operasjonen.

-Sjølv brukte eg mykje tid i kapellet på Haukeland. Der knelte eg ned ved alterringen, og gret ut mi sorg og naud for Gud og ropte til han om eit mirakel. Det pressa veldig på.

-Etter den 8-9 timar lange operasjonen ringde den svenske legen til oss, og gledesstrålande sa han: «No kan de spretta sjampanjeflaska. Operasjonen var svært vellukka. Det gjekk heilt fint.» Men han gjekk ikkje nærare i detaljar om kva han meinte med dette. Men me vart glade og informerte forbedarane våre om dei gode nyheitane.

-Men gleda var kortvarig. Ikkje lenge etter ringde nemleg ein sjukepleiar til oss og sa at far hadde fått ein akutt indre blødning, og måtte reopererast med ein gong. Me forstod at det stod om livet. -Då vart me skikkeleg redde, skulle me mista far på denne måten? Me hadde ikkje noko anna å gjera enn å setja i gong bønenettverket igjen.

-Og då skjedde det forunderlege. Då legane opna far for å finna blødninga, kunne dei ikkje lokalisera denne lenger. Blødninga var stoppa, og dei måtte berre forundra sy han saman att.

-Sjukepleiaren ringde oss på nytt, og sa: «Det som me har opplevd i dag skjer svært sjeldan. Me kan ikkje forstå kvifor blødninga stoppa, men enno meir spesielt er det at då me skulle fjerna svulsten i bukspyttkjertelen, kunne me ikkje finna han. Buspyttkjertelen var heilt fin. Svulsten var rett og slett borte. Det einaste me måtte gjera var å fjerna galleblæra som var infisert, og opna gallegangane.» Det var nok dette som hadde forårsaka gulfargen i huden og den intense kløen som far hadde vore plaga av.

-Då måtte me fortelja at me hadde vore vitne til eit under, og eg fortalde sjukepleiaren om alle som denne dagen hadde bedt for far.

Far kom seg, og vart heilt frisk, og han fekk 18 år lagt til livet sitt.

-Korleis har det som hende påverka di eiga tru?

-Eg kunne ikkje halda dette for meg sjølv. Eg fortalde om Guds under til alle eg møtte. Og dette bar frukt. Ei kvinne som hadde høyrt vitnemålet mitt kom ein dag til meg og sa at historia mi vart avgjerande for henne. Ho kom til tru på Jesus, og har etter den tid vore ein trufast kristen.

-Eg har kjent det slik i ettertid at eg har behov for å fortelja dette vidare. Alle menneske har rett til å få høyra om Guds godleik og makt, og eg kan best fortelja folk korleis ME fekk oppleva dette.

-Det var naturlegvis ei stor glede for oss å kunna meddela alt dette til forbedarane våre, og Svein Magne Pedersen har tidlegare skrive om underet i bladet «Legedom».

#metoo og «det normale»!

Ein meter er ein meter, uansett kor på kloden du er. Skal me måla lengder rett, må me bruka rett metermål, elles blir fort alt feil.

Men me treng også ein fast måleeining når me skal ta moralske val i livet, ein fast mal for rett og galt, ei **norm** som ikkje endrar seg med tid og stad.

Me har vel alle eit bilete av oss sjølve som **normale** menneske, og me liker å tenkja om oss sjølve at me lever normalt. Men gjer me det? Når me snakkar om kva som er normalt, kjem det an på kva **norm** me tek utgangspunkt i.

Det er lett å tenkja slik at det som er meir eller mindre **vanleg** også er **normalt**. Problemet med ein slik måte å tenkja på er av «det vanlege» endrar seg med tid. Men ei norm er noko som står fast *gjennom alle tider* uansett korleis folk oppfører seg.

Eit godt døme har me i bakgrunnen for #metoo-kampanjen. Hippitida på 1960 og 70-talet var ei seksuell «frigjeringstid». Seksuallivet skulle ikkje lenger vera knytt til ekteskapet mellom kvinne og mann, unge menneske eksperimenterte med nye uforpliktande former for seksualliv, og folk kom gradvis til å endra meininga og vanar. Ekteskapet vart supplert av sambuarskap, sex før ekteskap vart «normalisert», det vart OK med uforpliktande sex, og i dag er det til og med normalt med samliv mellom likekjønna, noko som for få år sidan var sett på som høgst unormalt.

Men så opplever me altså i vår tid at svært mange menn rett og slett utvidar fridomsomgrepet og **tek** seg fridomar overfor kvinner, blir påtrengande og trakasserande. Slik tolkar DEI dette med seksuell frigjering. Fridom for MEG, men ikkje for DEG. Dei skjuler seg bak at dette er jo vanleg åtferd i vår tid, og at «det vanlege» er «det rette». Det er med respekt å melda ei stor løgn. Det vanlege kan aldri bli normen for kva som er rett. Tenk t.d. på dette med abort. Når me fekk fri sex, auka talet på uønskte svangerskap. Korleis skulle det handterast? Løysinga vart fri abort, og i dag er det vanleg og lovleg å ta abort. 25% av alle graviditetar endar faktisk slik. Men det kan jo aldri bli RETT å ta ta livet av eit lite menneskebarn, uansett kor vanleg det er. Og så kan du tenkja på kva som vart vanleg i Tyskland like før og under 2.verdskrigen. Det var vanleg å ta livet av jødar, sigøynarar, homofile og funksjonehemma, men det vart ikkje RETT av den grunn. Nasjonen var heilt ut av kurs. Det ser me lett i dag.

Kva var problemet? Svaret er enkelt: Sjølve **hovudnormen**, Guds eiga lov var sett ut av kraft, og utan ei DENNE norma, kan ingen vita kva som er normalt. For det er GUD som har definisjonsmakta på normalitet. Utan eit fast moralsk utgangspunkt, misser me menneske rett og slett fort vår moralske orienteringsevne.

Guds ti bod er universets grunnlov. Han hogg dei sjølv i stein for at dei ikkje nokon gong skulle eller kunne endrast av nokon.

Desse boda har vore som eit fyrtårn for oss i dette landet gjennom generasjonar. Av den grunn har me vore ein suksessrik og velsigna nasjon.

Når folk flest i dag ikkje lenger kjenner desse boda, får me orienteringsvanskar, og nokre lever ut egoismen sin og trur at fridom betyr fridom til å gjera det godt for seg sjølv, og skjønar ikkje at den rette fridomen ligg i å elska Gud og gjera livet godt for andre.

Jesus Kristus levde eit moralsk perfekt liv. Han levde 100% etter Guds gode lover, og elska Gud og sin neste over alt. Han var strengt tatt det einaste heilt normale menneske som nokon gong har eksistert på vår syndige jord. Den usjølviske og sjølvoppofrande kjærleiken var førande for heile livet hans. Han var på ingen måte oppteken av å gjera det godt i livet, berre å gjera livet godt for andre. Ingen av oss er heilt slik. I mangt er me styrt av egoismen, synda som pregar vår inste personlegdom. Den kan me ikkje fjerna. MEN ME KAN BLI TILGJEVNE OG FORVANDLA. Saka er den, og dette er det fantastiske: Jesus oppfylte dei ti boda på våre vegne. Han levde jo, som me såg, ikkje for seg sjølv, men for alle oss andre. Men dette er ikkje alt. Då han vart krossfesta, bar han med seg ansvaret for alle våre synder, og vart dømt av Gud i vår plass. Ingen kunne drepa Jesus. Til det var han for mektig. Han GAV livet frivillig. Kvifor? Fordi han elska oss så høgt. Han følte at han berre MÅTTE gjera dette for oss. Difor kan alle no fritt og uhindra no koma til Gud i tillit til Jesus, utan å bli fordømt. DET er å bli frelst, DÅ vert me tilgjevne, og skjer det, startar eit heilt nytt kapittel i liva våre. Gud flyttar inn i oss og legg sine kvalitetar ned i oss. Guds kjærleik vert aust ut i hjarto våre og me blir inspirerte til å gjera godt mot våre medmenneske. Guds kjærleik blir vårt kompass og hans ord og lover vårt lys når me skal gjera våre moralske val. JT

Objektive mål er heilt naudsynte for oss for at me skal kunna innsjå sanninga, og setja inn dei rette tiltaka (illustrasjonsfoto)

Kvelden då Gud heilt uventa braut gjennom mørket i Christinas liv.

Christina var ateist, manisk depressiv og leid dessutan av ADHD. Men ein kveld vart sløret teke bort, og plutseleg visste ho at Jesus var sanninga.

Christina Maj Carlsen flyt fullstendig over av takk for det inngrepet som Gud gjorde i livet hennar påska 2016.

Psykiatarar, legar og psykologar hadde dømt henne til å måtta leva med psykosen sin resten av livet. Men sidan påska 2016 har ho vore fri for medisinar både mot bipolar liding og ADD/ADHD, og ho har vore fri hasjmisbruket sitt. Tavla vart vaska rein. Ho hadde tidlegare lenge halde Gud ute av livet sitt, og med stor entusiasme funne argumenter imot han.

Eit liv med depresjonar

Christina vart fødd i København, men vaks opp på Årø.

Alt som 12-åring opplevde ho sin første depresjon, og fekk sjølvmordstankar.

«Det lyder sikkert underleg, men eg hadde ikkje lyst til å korkje leva eller døy. Skulen var ein kamp heile vegen, og i 2009, då eg flytta til Århus for å ta økonomiutdanning, kom den neste store depresjonen.

Etter eit coachingkurs med spirituelle kvinner, var eg til ein clairvoyant (ein som finn grunnar til plager i dette livet i hendingar i tidlegare liv) for å forstå meg sjølv. Korleis kunne eg vera sjuk som kom frå ein velfungerande familie?» Men også dette var eit blindspor.

Christina hadde ein draum om å hjelpa kriminelle unge og starta på pedagogseminar i Århus i 2011, men halvveges i studiet kom depresjonen attende.

«Mamma vil at eg skulle gå til lege og få ei medisinsk undersøking. Då vart det konstatert at eg var både bipolar og

hypomanisk. Eg fekk medisinar, og dei var til god hjelp,» fortel Christina.

Ludoman kjæraste

Christina vart ferdig som pedagog, og fekk seg ein kjæreste som var ludoman (leid av spelegalskap).

«Eg skulle løfta han opp, samstundes som min eigen ryggsekk var alt for tung for meg. Først fekk eg tics i auga, så kronisk hikke. Plutseleg kunne eg begynna å kasta opp og grina. Det enda med at eg vart sjukjemeldt, og vegen derifrå og inn i «det kommunale systemet» var kort», fortel Christina.

Ho som hadde så lyst å hjelpa andre, var no sjølv blitt hjelpetrengande. Det var ein hard nasestyvert.

På denne tida hadde Christina ei veninne som introduserte henne for hasj. «Eg sa til meg sjølv at «det er berre ei plante»». Etter kvart røykte ho kvar dag. Livet handla om å vera i ein eittroms leilighet, venta på ein arbeidslaus kjæraste og ha lungene fulle av hasjrøyk.

I 2015 fekk ho ny medisin mot ADD/ADHD. Denne hadde mange biverknader. På to månader tapte ho 10 kilo, og vart sa avkrefta at ho ikkje klarte å halda hårfønaren.

Den dagen Jesus kom

Då Christina i mars 2016 såg ein dokumentarserie om aliens på TV, vart ho både forvirra og glad.

«Eg såg på meg sjølv som eit rasjonelt menneske, og kunne ikkje på nokon måte tru på at Jesus kunne gå på vatnet, eller at han var blitt fødd av ei jomfru. Eg såg på Bibelen som ei bok full av forteljingar folk hadde laga fordi dei hadde bruk for dei.

Men plutseleg, der i min eigen leilighet, medan kjærasten min spela poker, erkjente eg at, ja, han KUNNE gå på vatnet, at han VAR fødd av ei jomfru, osv. Det var som om det hadde vore ein lukka port som hadde sperra vegen for meg plutseleg berre opna seg, og eg visste at han hadde døydd for syndene mine, sjølv om eg ikkje heilt visste kva synd var for noko. Frå den augneblinken vart eg fylt av ei enorm takksemd.

Eg visste der og då at eg måtte be om tilgjeving for alt det galne eg hadde gjort i livet mitt, og eg begynte å undersøka alt eg kunne finna av opplysningar om Gud.

Ei skjelvande oppleving

«Eg bad om tilgjeving igjen og igjen. Gjekk ut på terrassen midt på natta, såg opp mot himmelen med dei nye augo mine, sikker på Guds eksistens, og så begynte eg å skjelva.

Eg visste ikkje kvifor, men det var som om eg vart sett fri frå eitt eller anna. Normalt skjelv du når du frys, men denne skjelvinga var god og hadde ingenting med kulde å gjera. I ettertid har eg tenkt at det var her eg fekk Den Heilage Ande,» fortel ho.

Aliens-dokumentaren vart bytt ut med ein dokumentar om Bibelen, for Det nye testamentet visste ho var sant.

Ein månad etter denne «openberringa» fekk ho sin første bibel, og denne boka var den første ho i sitt liv las frå perm til perm.

Så dukka spørsmålet opp: Var det ho las sant? Kunne Gud stadfesta at boka var å stola på?

Snublesteinen

Rett utanfor huset hennar i Århus, pressa brått ein brustein seg opp over dei andre, og Christina såg at folk støtt og stadig snubla over denne steinen. Det gjorde henne lattermild.

Ei natt vakna ho nøyaktig kl 01.02. Ho slo opp i Bibelen sin på 1.Peters brev kapittel 2 der det står: «Legg av all vondskap, og lengta som nyfødde barn etter den reine og uforfalska mjølka som er Guds ord (der fann ho seg sjølv)…….. *Og sjå: I Sion legg eg ein hovudhjørnestein som folk skal snubla over..»*

Ho fortel: «Eg vart som blåsen av banen. Gud svarte på bønene mine, og stadfesta for meg at boka hans verkeleg var til å stola på.»

Eit vendepunkt

Christina valde straks å slutta med medisinen som gav henne så mange biverknader, og det har ikkje vore spor av depresjon hos henne etter det.

«Eg bad også til Gud om at han måtte ta frå meg lysten på hasj. Eg ville gjera det som var godt i Guds augo. Dagen etter vakna ho utan denne trongen etter cannabis,» smiler ho med store augo.

Ein dag dukka mor hennar uventa opp og ville ha henne innlagt på psykiatrisk poliklinikk. Psykiateren ville leggja henne inn med tvang. Han meinte ho var psykotisk.

«Då sa eg til han at dersom eg vart lagt inn på lukka avdeling, ville eg berre preika for dei alle saman, så etter mykje fram og attende fekk eg han til å forstå at eg hadde det OK, og han bad han meg om å gå heim og kontakta fastlegen min den neste dag.»

Mor kom med

Christina følte ikkje at forholdet til kjærasten var rett. «Han var misunneleg og sur på Gud, så eg slo opp med han, og livet mitt vart enno betre. Den verste dagen med Gud er betre enn den beste utan han. Før var huset mitt bygd på sand, og det ramla i den første stormen. Dei nedturane eg har no, tek Gud seg av, og eg blir aldri meir deprimert. Før var sjølvmordstankane ei endelaus mørk kjensle av maktesløyse. No har eg fått eit heilt nytt medvit.

No er det lys, og demonen som kom med dei mørke tankane, har inga makt lenger.

No står huset mitt på fjell, og stormen kan berre koma. Det er tøft når det stormar, men eg møter han med ein heilt ny innstilling. Mor observerte denne endringa, og vart interessert, ho også, og då eg slutta å pressa Gud ned gjennom halsen hennar, begynte ho å stilla spørsmål.

Eg kjende ikkje andre kristne så det var stort for meg å kunna dela trua mi med henne, og no er ho også blitt kristen,» fortel Christina gledesstrålande.

Ho har no vore rundt i fleire kyrkjer, og går for tida i pinsekyrkja i Haderslev

«Venene mine seier at eg på ein måte framleis er som før. Dei kjenner meg att. Likevel har mange ting endra seg. Eg som før trong hjelp, kan no hjelpa andre.»

Kjelde: Udfordringen. Kristen dansk vekeavis.
Omsett av Jens Thoresen. Attgjeve med løyve

Jihadisten som overgav livet sitt til Jesus

Mohammad er gift med Hevin, som han elskar høgt. Begge har bakgrunn i radikale muslimske miljø, og Mohammed hadde fått opplæring i det som muslimar av hans kaliber kallar «heilag krig».

Det unge ekteparet flykta frå det krigsherja heimlandet sitt og hamna i Istanbul

Der pådrog Hevin seg i 2015 ein alvorleg sjukdom. Etter kvart som ho vart dårlegare, ringde Mohammad til søskenbarnet sitt Ahmad, som tidlegare, medan han enno var ein tenåring, hadde teke han med seg til eit jihadistkurs. Ahmad budde imidlertid no i Kanada, og av alle ting hadde han blitt kristen og ein seriøs disippel av Jesus Kristus. Det er merkeleg korleis ting kan snu seg her i verda. Mohammad vart enno meir sjokkert då Ahmad spurde om han kunne halda telefonen tett inntil Hevin, slik at ei lita gruppe truande kunne be saman for henne, men han var så desperat at han berre let det skje.

Lækjedom og frelse ved trua på Jesus

Då dei kristne bad, kom Guds lækjande kraft over Hevin, og ho vart betydeleg betre etter få dagar. Mohammad måtte vedgå at dette hende som eit resultat av dei kristne si bøn. Han spurde søskenbarnet sitt om han kunne anbefala ein kristen pastor i Istanbul som kunne læra han meir om kristendomen, og han ordna det slik at han fekk møta Eimad Brim, som rett nok var misjonær i Jordan.

Parallelt med dette fekk både Mohammed og Hevin kraftfulle draumar om Jesus. Hevin drøymde om ein bibelsk skapnad som splitta havet, noko Mohammad såg på som ei oppmuntring frå Jesus. Mohammed sjølv drøymde om Jesus som Livsens brød som kom og gav han mat. Slik begynte både mannen og kona sterkt å kjenna på Jesu kjærleik. Då pastor Brim forklarte evangeliet til Mohammad og Hevin, smelta hjarto deira. Dei kom til tru og vart nye menneske.

«Allah har inga kraft i seg», seier Mohammed. «Men Jesus har stått opp frå dei døde. Han lever, og han er saman med oss og svarer oss når me ber.»

Kjelde: Joel News. Brukt med løyve.

Ein minnerik samtale mellom norske soldatar på rep!

AV PASTOR JENS THORESEN

For nokre år attende var eg på repetisjonsøving i militæret. Faktisk er det mange år sidan no. Åra går så altfor fort. I alle fall: Me var stasjonerte mellom Voss og Granvin, og eitt døgn hadde eg, saman med ein del andre soldatar, i oppgåve å passa på nokre bilar som stod parkerte på ei såkalla køyretøylinje. Det var 2 timar på og 4 timar av. I frivaktene oppheldt me oss i eit sekstenmannstelt.

Medan me venta der på å gå ut i kulda, sat mange av oss og las. Venene mine hadde funne fram nykjøpte pornoblad, eg hadde, from som eg var, teke med meg Bibelen min.

Etter kvart kikka dei bort på meg og ville vita kva eg las på.

-«Bibelen», sjølvsagt, sa eg, og prøvde å vera kjekk og fjong.

-«De då», spurde eg, «kva er det de les på?»

Dei vart litt brydde av spørsmålet mitt, og la blada sine bort.

-«Nei, me les no helst slik mannelitteratur, me, he,he.»

-

-«Hm», sa eg, «hender det at de nokon gong les i Bibelen, då?»

Nei, ingen av dei gjorde det.

-«Kva,» sa eg, «eg trur nesten ikkje det eg høyrer. Her sit eg med den boka som er blitt kalla «boka over alle bøker», den boka som gjennom tidene er blitt lesen meir enn noko anna bok de kan tenkja på, den boka som har den største utbreiing av alle bøker, som er omsett til fleire språk enn noko anna bok og som på avgjerande måte har endra historias gang i nasjon etter nasjon, og som har skapt nytt håp for millionar av menneske, og framleis gjer det, og så sit de her og seier at det ikkje ein gong tenkjer på å få boka lest. Berre det at ho har denne posisjonen i verda skulle jo gjort dykk forvitne på innhaldet!»

Det vart stille i teltet. Så fekk eg fortelja dei om kva boka hadda hatt å seia for meg og mitt liv, at eg der hadde møtt Gud, at han hadde opplyst meg om at måten eg levde på var feil, at livet mitt ikkje heldt mål, at eg trong tilgjeving, og at han, då eg hadde sagt meg enig med han, hadde betrudd meg kjærleiken sin, aust han ut i hjarta mitt og reinsa meg frå all synd, alt saman gjennom Bibelens ord, boka som forvandlar personar, familiar, nasjonar og kulturar.

Det vart underlege timar i vaktteltet etterpå. Den eine etter den andre sto fram og delte sine livs nederlag med meg, dei var audmjuke og berørte av Guds Heilage Ande.

Det er ikkje for ingenting at Bibelen er verdas mest utbreidde, omsette og leste bok. Ho talar til kvar enkelt menneske, like aktuell gjennom alle generasjonar.

Bibelen har Guds Ande i seg, og alle som les, blir berørt av Gud som kjem med tilgjeving, nytt liv, kraft og rettleiing.

Å lesa Bibelen kan vera opprørande. Gud fordrar endring, at me vender oss bort frå egoisme og sjølvberging, til å leva tillitsfulle og sjølvoppofrande liv. Men DER ligg då også det evige livet gøymt